

10 på topp 2025

- 1. A Kammen (181 m.o.h.) Remøya:** Gå opp nordaust på Remøya, heilt i enden av Myrane, godt med parkering, godt opptrakka sti. For lengre tur kan du gå opp øvst i Sævikane, ovanfor eit stort postkassestativ, via Varden og langs kammen.
B Hornseten (190 m.o.h.) Bergsøya: Gå opp frå Trafo-stasjonen på Elsebø. Følg tursti mot Hornseten, godt skilta og opptrakka sti til på toppen. Klype er festa på metallskap på varden.
- 2. A Vardane/Linken (191 m.o.h.) på Remøya.** Gå opp nordaust på Remøya, heilt i enden av Myrane, god parkering. Du passerer Kammen, følg vidare stien mot Sævikane . Klypa er ved ein varde/ stong rett før hytta. For kortare tur kan du gå opp øvst i Sævikane, ovanfor eit stort postkassestativ, merka sti, men dårlegare med parkering her.
B Herøy gard, Nautøya: Parker på parkeringsplassen før brua til Herøy gard. Klypa er ved spellassen.
- 3. A Skåla (184 m.o.h.), Tjørvåg.** Gå frå Stokksund skule, gå over vegen til gangfeltet. Her er ei grind, merka med skilt mot toppen. Du kan og parkere ved Bunker-Oil, gå over vegen, merka sti frå gangfeltet. Alternativt frå Sandvika via Skaret.
B Skaret, Gurskøy: Kjør til Sandvika, ta opp ved Postkrysset, hald til høgre og køyr opp til parkeringsplassen der det står skilt mot Sandvikhornet. Følg vegen opp til Sandvikskaret, klypa ligg i postkassa ved grinda.
- 4. A Teigetua (268 m.o.h), Nerlandsøya**
Parker gjerne ved gamle Joker-butikken.. Du kan også gå frå hamna på Nerlandsøya. Følg vegen til telekommunikasjonsbygget der klypa heng på veggen ved ei postkasse.
B Mørkevatnet, Moltu: Gå opp frå parkeringsplassen i Sædalen/Moltudalen. Følg grusvegen fram til vatnet. Klypa heng ved postkassa på det raude bygget.
- 5. A Børa (206 m.o.h.), Kvalsvika:** Parker på P-plassen heilt ute i Mulevika, gå om lag 200 m attende, merka sti mot Muletua og deretter til høgre, merka mot Barmen og Børa. Kortare tur: Parker ved gamleskulen i Kvalsvika og gå opp til Brekka, gamlevegen til tidlegare gartneriet i Kvalsvika.
B Golleneset: Parker ved gamleskulen i Kvalsvika og gå mot Golleneset. Klypa heng ved fyren.
- 6. A Leinehornet (363 m.o.h.), Leinøya:** Ta av frå Rv. 651 mot Leinøy og følg Rv.18 forbi campingplassen og Leine bedehus. Etter bedehuset tek du av første veg til høgre og følgjer den breiaste vegen oppover til du er på toppen. Her vil du finne parkeringsplassar, men avgrensa med plass. Du startar med å gå over marka i enden av vegen og rundt løa du får på høgre hand. Når du kjem til stikrysset Leinehornet/ Leinebjørnen, er det svært godt skilta. Ein kan godt nytte kommunal parkering, på vegen før du tek av mot Støylen og vidare som forklaringa over. Klypa heng i metallskap på varden. For lengre tur, kan du gå frå Frøystadskaret.
B Heid tursti, Gapahuken: Parker ved Trafo-stasjonen på Elsebø og følg tursti opp mot Hornseten, ta av til venstre og følg vegen til gapahuken på tverrfjellet. Klypa er festa i gapahuken. Kan også gå frå Kulturhuset opp Monsterbakken.
- 7. A Igesundhetta (215 m.o.h.), Bergsøya:** Parker ved Spar Fosnavåg. Heretter går ein opp Øvre Myklebust vegen, og mot Vikevatnet. Ved vikevatnet tek ein til høgre og til toppen.

B Mulevika/ Fjøretur, Kvalsvika: Parker ved gamleskolen i Kvalsvika, turen går til P-plassen i Mulevika, her finn du klypa festa på gjerdet. Alternativt: Parker på den store parkeringsplassen i Mulevika. Ta dokke ein fjøretur og etterpå nyttar du klypa som er festa på gjerdet på parkeringa.

8. A Rambjøra (132 m.o.h.), Myrvåg: Parkeringsplass ved busslomma i Myrvåg. Følg gangvegen oppover, ta av mot høgre, rett bak Møreskolen. Skilt på oppsida av gangvegen. Følg deretter godt merka sti til toppen. Klypa er i metallsynder. For lengre tur, hald fram mot Garnes. Stikryss til høgre. Då kjem du ned på Dragsundflata. Følg vegen attende. Klypa i metallsynder på toppen.

B Kvia, Moltu: På veg opp til Moltudalen er det ein stor parkeringsplass på høgrehanda før stien opp mot Kvia. For lengre tur kan ein parkere på parkeringsplassen i Moltudalen og gå Blåfjellstien til Kvia.

9. A Vardeheida (Leinebjørnen) (270 m.o.h), Leinøya: Parker på Frøystadskaret. Det er merka sti til toppen, via Svartevatnet. Klypa er i boksen ved varden/rastebordet.

B Svartevatnet, Frøystad: Parker på Frøystadskaret, følg grusveg opp mot Svartevatnet, ta grinda inn til det runde bygget, klypa er festa på rastebordet.

10. A Rjåhornet (600 m.o.h.) frå Myrvåg. I retning frå Fosnavåg tek du til høgre mot Djupvikvatnet før du kjem til Kiwi Myrvåg. Stor parkering etter ca. 200 m. Følg vatnet til plassen ein går til Huldrehornet. Frå Huldrehornet kan ein gå vidare til Rjåhornet.

B Dynamittskuret på Leikong: Parker på Leikong skule og ta til høgre oppover til du kjem til grusveg på høgrehanda. Følg grusvegen rett fram. Klypa heng på nettinggjerdet ved dynamittskuret. Ein kan også gå frå Lysløypa på Leikong.

11. A Huldrehornet (271 m.o.h), Myrvåg: I retning frå Fosnavåg tek du til høgre mot Djupvikvatnet før du kjem til Kiwi Myrvåg. Stor parkering etter ca. 200 m. Gå grusveg ca. 300 m, skilt til toppen. Klypa ligg i postkassa. Du kan også gå frå Stemmedalsvatnet og frå gamlevegen bak Aurvågtunellen.

B Lysløypa på Leikong: Gå frå parkeringsplassen på Leikongeidet. Lysløypa går i lett terreng og delvis gjennom furuskog. Klypa er plassert på ein lyktestolpe på høgre side, rett før rasteborda (frå parkeringsplassen).

12. A Øyrahornet (419 m.o.h), Tjørvåg: Parker ved Bunker-Oili Tjørvåg. Gå ca. 150 m sørlig retning og ta av fyrste veg til høgre - Øyrahaugen. Hald til høgre i vegkrysset ved postkassetativet. Stien fyljer traktorveg i starten, men tek av mot elva etter berre nokre få meter. Stien er merka med stikker til toppen. Klypa ligg i postkassa.

B Djupvikvatnet, Myrvåg/Djupvika: I retning frå Fosnavåg tek du til høgre mot Djupvikvatnet før du kjem til Kiwi Myrvåg. Stor parkering etter ca. 200 m. Gå langs Djupvikvatnet ca.1.2 km. Klypa heng på siste skiltet mot Djupvikhaugen

Dette er kunn ein kort beskrivelse av turane. Dei fleste turmål har fleire ruter. Vi oppfordrar dykk difor å gjere dykk kjend med turen ved å sjå på kart, før dykk går.

For meir informasjon sjå på Herøy kommune si nettside.

God tur 😊